



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	042/09	01.09.2009	ROLSU

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-113, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 09/380
---------------------------------	--------------------------------------	----------------------

HØYRING VEDK FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommune støttar utkastet til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Solund kommune vil peike på følgjande som viktig i utkastet:

For ein kommune som Solund må det av heilt naturlege årsaker skje bygging i strandsona. Difor støttar Solund kommune at det blir gitt betre moglegheit for utbygging i 100-meters beltet langs sjøen, når dette er vurdert i kommuneplanen og i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv.

Det er viktig at kommunen får moglegheit, gjennom føresetnadane i kommuneplanen, til å gje nærare føresetnad for mindre anlegg i strandsona, i LNF områda av kommuneplanen, slik det kjem fram av utkastet, kapitel 5.

Det er viktig at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, f.eks satsing på reiseliv og turisme, kan bli tillagt vekt når kommunen skal vurdere tiltak i strandsona.

01.09.2009 FORMANNSKAP

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FRP V/JOHN KÅRE LARSEN:

Høyringsuttale fra Solund Kommune;

Solund kommune er einig i at det må ei differensiert forvaltning av strandsona til i Norge, men stiller seg ikkje bak dei kriteria som no vert lagt fram av miljøverndepartementet.

Solund kommune presiserer at det i dei aller fleste faktiske tilfeller ikkje dreier seg om ”strand”, men om kystlinja i alle kystkommunane i heile vårt langstrakte land.

Solund kommune er ikkje einig i at det må gjennomførast ein sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort generelt og lite gjennomtenkt strengt i enkelte områder, og tilsvarende lite gjennomtenkt og fritt i andre områder.

Solund kommune meiner at kommunen sjølv må kunne prioritere kva område man ser på som sårbare og ikkje skal byggast ut, og kva område som egner seg for utvikling og ny vekst. Vilkårlegheita i høyringa der eit sentralt organ detaljdefinerer kvar enkelt kommune, er sentral detaljstyring og forskjellsbehandling av kommunar som er like, er uakseptabelt. I nokre kommunar kan det ligge til rette for utbygging i enkelte deler, mens man i andre deler ikkje skal tillate utbygging. Dette tek høyringa overhode ikkje høgde for.

Solund kommune ser at bygging i strandsona er og har vore ein nøkkel i busetjinga, og etablering av nye arbeidsplassar i heile landet gjennom vår historie. Mange av landet sine kjerneområde for busetnad og arbeidsplassar ville rett og slett vore utmark dersom dagens høyringsnotat ville ha eksistert på tidlegare tidspunkt.

At praksis i dispensasjonssaker skal vere streng i områder der presset på areal er stort, er faktisk negativt, då det rett og slett er ønskeleg med klynger og felles nyskaping i næring, og bustad og infrastruktur. At man bygger ut næring og bustad i områder der dette er egna vil føre til press i enkelte lokalsamfunn, og det er galt å kalle kvart nytt press for negativt. Mange kommunar treng faktisk meir aktivitet, ikkje mindre. Og da må dei lokale folkevalde sjølv kunne bestemme om man skal bygge ut eller ikkje. Solund kommune seier nei til hovudtrekka i høyringa.

FORMANNSKAPET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommune er samd i ei differensiert forvaltning av strandsona.

Solund kommune peiker på følgjande punkt som må vektleggast i dei nye retningslinjene:

Dei naturgjevne føresetnadane i Solund kommune har gjort at all busetnad og næringsverksemd historisk har lagt i strandsona.

Dette må også ligge til grunn for den framtidige utviklinga. Kommunen si heilskapelege vurdering må i denne samanheng vere avgjerande.

Difor støttar Solund kommune at det blir gitt betre moglegheit for utbygging i 100-meters beltet langs sjøen, når dette er vurdert i kommuneplanen og i eit langsiktig og heilskapeleg perspektiv.

Det er viktig at kommunen får moglegheit, gjennom føresetnadane i kommuneplanen, til å gje nærare føresetnad for mindre anlegg i strandsona, i LNF områda av kommuneplanen, slik det kjem fram av utkastet, kapitel 5.

Det er viktig at behovet for busetnad, næringsutvikling og arbeidsplassar, blir tillagt vekt når kommunen skal vurdere tiltak i strandsona.

Votering:

Det vart først røysta over FRP sitt framlegg til vedtak, vedtaket fekk 1 røyst og fall. Deretter vart det røysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og formannskapet sitt framlegg til vedtak. Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-042/09 VEDTAK:

Solund kommune er samd i ei differensiert forvaltning av strandsona.

Solund kommune peiker på følgjande punkt som må vektleggast i dei nye retningslinjene:

Dei naturgjevne føresetnadane i Solund kommune har gjort at all busetnad og næringsverksemd historisk har lagt i strandsona.

Dette må også ligge til grunn for den framtidige utviklinga. Kommunen si heilskapelege vurdering må i denne samanheng vere avgjerande.

Difor støttar Solund kommune at det blir gitt betre moglegheit for utbygging i 100-meters beltet langs sjøen, når dette er vurdert i kommuneplanen og i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv.

Det er viktig at kommunen får moglegheit, gjennom føresetnadane i kommuneplanen, til å gje nærare føresetnad for mindre anlegg i strandsona, i LNF områda av kommuneplanen, slik det kjem fram av utkastet, kapitel 5.

Det er viktig at behovet for busetnad, næringsutvikling og arbeidsplassar, blir tillagt vekt når kommunen skal vurdere tiltak i strandsona.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Det kongelige Miljøverndepartement	HØYRING VEDK FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Det kongelige Miljøverndepartement	HØYRING VEDK FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LAGNS SJØEN

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

SAKSUTGREIING:

Kommunane har i brev av 29.06.09 fått ”*forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.*” frå Miljøverndepartementet på høyring. Høringsfristen er sett til 4 september.

Saka blir lagt fram for formannskapet til møte 1. september, uttalen frå formannskapet vil bli oversendt miljøverndepartementet.

Kommunestyret si handsaming av saka 6 oktober vil bli ettersendt.

I framlegget til retningslinjer blir det skilt mellom pressområde og område med mindre press. Solund er spesielt angitt som et område med mindre press.

Når det gjeld sjølve innhaldet i framlegget til retningslinjer blir det vist til vedlegg.

VURDERING:

At det no har kome framlegg om differensierte retningslinjer for utvikling i strandsona er viktig for Solund. Dette vil gje oss, gjennom ein god planlegging betre høve til å vurdere behovet for å ta i bruk delar av strandsona i Solund. Det er viktig å merke seg at dette er gjennom kommuneplanen og reguleringsplanar. Høvet til dispensasjonar blir stramma inn, også i dei områda med mindre press.

Dette meiner administrasjonen er heilt riktig. Men det er viktig å vere klar over at dette fører til at det er heilt naudsynt at kommunen har eit oppdatert planverk. Solund har ein heilt fersk kommuneplan som gjer mange moglegheiter, også i strandsona.

Administrasjonen meiner Solund kommune bør støtte framlegget til retningslinjer, slik som det nå ligg føre. Vidare meiner administrasjonen det er viktig å peike på dei punkta i framlegget som er spesielt viktig for ein kystkommune som Solund.

Dette knytt seg til at det i ein kommune som Solund er heilt naudsynt å ta i bruk strandsona til vidareutvikling av kommunen, men at dette må skje etter dei planane og måla som kommunen har for langsiktig utvikling av kommunen.

Det er også viktig at kommunen, gjennom kommuneplanen blir gitt høve til å opne for t.d. bryggjer. Framlegget til retningslinjer støttar dette.

I framlegg til retningslinjer er det også tatt høgde for at behovet for lokal utvikling må bli tillagt vekt, når ein skal vurdere tiltak i strandsona. Dette er positivt.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL: